

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 26/21 Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksopplysning/vurdering:

Det er i år innkome 126 søknader på fellingsløyve frå innanbygdsbuande jegerar.

Statsallmenningen vert tildelt 9 løyve, ut frå vedtak i villreinnemnda om minsteareal og utrekninga som valdansvarleg (grunneigarlaget for villreinvald) har gjort på grunnlag av dette.

	Frie løyver	Simle/ ungdyr	Kalv	
NF 401				
NF402				
NF451				
Sum	2	3	4	9

Av dette må det trekkjast ut eit kalvaløyve, som går til trekning mellom deltakarane i jaktkarusellen. I sak 17/21 vart det bestemt at me skulle halda igjen 1 fritt løyve til dagskort.

Fjellstyret skal då fordela korta på 7 jegerar: 1 fridyrskort, 3 simle/ungdyrkort og 3 kalvekort.

Med ein kvote på 7 dyr til fordeling og 126 søkjarar vil me i år få ei varamannsliste på 119 namn.

Framlegg til framgangsmåte ved trekninga:

Denne byggjer på innarbeidd praksis, tilpassa særskilte tilhøve det einskilde år.

Fylgjande lister ligg ved:

- Alfabetisk søkjarliste 2021
- Varamannslista frå i fjor
- Liste over dei som fekk i fjor og nye søkjarar

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 26/21 Trekking av fellingsløyva for villrein

1. Me trekke ny varamannsliste fyrst, ta fram lista over dei som fekk i fjor og nye søkjarar minus fyrstegongsjegrane under 20 år, og få datamaskina til føreta trekninga.
2. Ta så fram varamannslista frå i fjor og legg til dei 3 fyrstegongsjegrane som har søkt i år og han som fekk utsett frist i fjor på grunn av fyrstegongsteneste. Legg 1 fridryrløyve, 3 simle/ungdryrløyve og 3 kalvakort i hatten og trekk. Det er 7 jegrar som får løyve, resten på varamannslista har plassen sin til neste år.

Broksfjellkorta

I utlysinga vart det skrive at det måtte sendast eigen søknad på dei fellingsløyva som er tildelte av Hardangerviddakvoten til Broksfjellet statsallmenning.

43 innanbygds jegerar har søkt, me har ei varamannsliste frå i fjor med 24 namn.

Endeleg kvote og fordeling på Ha 28 Aurland er bestemt til minst 30 løyve + att det er med eit kalvaløyve på alle fellingsløyva.. Statsalmenningen vil då få 8 løyve til fordeling halvparten frie og halvparten bukkaløyve..

Framgangsmåte trekking:

1. Me trekke ny varamannsliste mellom dei som fekk i fjor og nye søkjarar fyrst. Klipp ut dei aktuelle og lat datamaskina trekke mellom dei 23 aktuelle og legg så dei inn etter varamannslista frå i fjor.
2. Ta så varamannslista frå i fjor og legg 4 bukkaløyve og 4 frie løyve i hatten og trekk.

Dagskort:

Det vart i sak 17/21 bestemt at me skulle halda på ordninga med dagskort, søknadsfrist vart sett til 15. juni. Me har eit fridrysløyve til ordninga. Fjellstyret gjev Fjelloppsynet fullmakt til å trekke den lista etter att søknadsfristen er gått ut.

Kvar dagskortjeger kan ha løyvet maks. i 2 dagar, ein skal betala 500.- kr. pr dag og viss ein feller skal ein betala prisen på fellingsløyve. Løyvet skal vera heima ein dag før neste på lista får tilbodet. Viss nokon på lista ikkje kan, går ein berre vidare til neste namn. Når alle som har søkt har fått tilbod, er det fyrste mann til mølla prinsippet som gjeld.

Framlegg til vedtak:

Trekninga vert gjort i samsvar med den prosedyren som er skissert i saksutgreiinga.

Fjellstyrekontoret, den 3/6-21

Håkon Øydvin